



# **KVINNHERAD KOMMUNE**

*-felleskap og trivsel -utvikling og vekst*

**PLANFORKLARING, FØRESEGNER OG RETNINGSLINER  
FOR**

## **KOMMUNEDELPLAN FOR MAURANGER-OMRÅDET**

**ÆNES – MAURANGER – ÅRVIKSTRAND**

**2005 - 2014**

**November 2005**

**Vedlegg til F-sak 2005/ --, møte 01.12.05.**

# INNHALD

|  |    |
|--|----|
| PLANPROSESSEN .....  | 3  |
| AVGRENSING AV PLANOMRÅDET .....  | 3  |
| FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET .....  | 4  |
| PLANFRAMSTILLING .....   | 5  |
| SENTERSTRUKTUR .....   | 5  |
| PLANINNHALD .....  | 5  |
| GJELDANDE REGULERINGSPLANAR .....  | 13 |
| FØRESEGNER OG RETNINGSLINER TIL BYGGJEOMRÅDE ETTER PBL §20-4, FØRSTE LEDD NR 1 .....   | 13 |
| FØRESEGNER OG RETNINGSLINER TIL LANDBRUKS-,<br>NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF) ETTER PBL § 20-4, FØRSTE LEDD NR 2 .....   | 15 |
| FØRESEGNER OG RETNINGSLINER TIL LNF-OMRÅDE DER DET ER TILLATE MED<br>SPREIDD BYGGING AV FRITIDSBUSTADER (KSF-OMRÅDE), JF PBL § 20-4, ANDRE LEDD BOKSTAV B), OG C)..... | 15 |
| RETNINGSLINER FOR OMRÅDE FOR<br>SÆRSKILT BRUK ELLER VERN AV SJØ OG VASSDRAG, JF PBL § 20-4, 1. LEDD NR 5 .....   | 16 |
| GENERELLE RETNINGSLINER .....  | 16 |

## **Kommunedelplan for Mauranger-området**

### **Planprosessen**

Kvinnherad formannskap vedtok i møte 30.04.03 oppstart av kommunedelplanen for Mauranger-området. Som grunnlag for oppstartsmeldinga vart det utarbeidd eit registreringskart og ein skriftleg del med plangrunnlag og planføresetnader. I samband med oppstart vart det arrangert orienteringsmøte i Mauranger samfunnshus og i ungdomshuset på Kysnesstrand. Vidare vart det halde kontordagar i Sundal og på Årvikstrand, der innbyggjarane fekk møta folk frå kommuneadministrasjonen. Særleg var kontordagen i det gamle skulehuset på Årvikstrand godt besøkt. Oppstartsmeldinga med tilhøyrande plangrunnlag og planføresetnader vart presentert for fylket sitt planforum 27.05.03.

Det kom inn rundt 40 innspel frå grunneigarar, lokale organisasjonar og regionale myndigheiter. Desse innspela vart gjennomgått og var med og danna grunnlaget for planframlegget datert mars 2004 som vart sendt ut på høyring i perioden 16.04.-20.06.04. Nokre av dei regionale myndigheitene måtte ha utsetjing av høyringsfristen, endelege merknader frå fylkesmannen fekk kommunen først 17.01.05. Det er utarbeidd samandrag av dei innkomne merknadene.

Det kom motsegner frå fylkeskommunen og frå fylkesmannens miljøvernavdeling. Motsegna frå fylkeskommunen gjaldt utviding av kai i Austrepollen og var trekt etter drøftingar med kommunen.

Kommunen hadde synfaring og drøftingsmøte med fylkesmannen 03.03.05, der det kom til semje om dei fleste av motsegnspunkta. Dei punkta som sto att gjekk til mekling.

I meklingsmøtet 12.10.05 kom det til semje på alle dei gjenståande punkta med unntak av utviding av campingplassen i Sundal og meir eintydige retningsliner for naustbygging, m.a. storleik på naustbygg. For desse to punkta kan kommunen enten gå vidare med saka til Miljøverndepartementet eller akseptera at dei aktuelle områda i planen vert viste som område utan rettsverknad. Rådmannen vil tilrå at det siste alternativet vert valt. Dette inneber at det må arbeidast vidare med ei avklaring av utviding av campingplassen og meir eintydige føresegnar for naustbygging.


Når det gjeld utviding av campingplassen, kan det vera aktuelt å vurdere dette i samband med utarbeiding av ein stadanalyse for Sundal. I ein slik analyse må m.a. næringsutvikling og landskapsomsyn takast med.

Ei avklaring av punktet om naustbygging vil vera naturleg å få i samband med behandling av retningsliner for naustbygging som fylkeskommunen og fylkesmannen for tida arbeider med. Sidan det er knytt plankrav til alle naustområda, kan det også vera eit alternativ å avklara naustbygging i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

Planarbeidet er utført av ei administrativ arbeidsgruppe og ei tverrfagleg referansegruppe der representantar frå ulike fagkontor i kommunen har vore med. Vidare har ei politisk arbeidsgruppe med fem representantar frå formannskapet gitt politiske føringar til planarbeidet.

### **Avgrensing av planområdet**

Planområdet omfattar området frå og med Ænes og innover til grensa mot Jondal kommune, dvs. bygdene Ænes, Sundal, Austrepollen, Nordrepollen, Gjetingsdalen, Hesvik, Årsand og Gausvik.



## Føresetnader for planarbeidet

### Folketalsutvikling

Komunedelplanen bygger på mål og strategiar som er trekte opp i den langsiktige delen av kommuneplanen, måldokumentet, som vart vedteke av kommunestyret 31.08.00.

I den langsiktige delen av kommuneplanen er det rekna med ein gjennomsnittleg folketalsauke på 0,5 % pr år for kommunen samla. Dersom vi legg eit slikt gjennomsnittstal til grunn for Mauranger, inneber dette ein samla folketalsauke på 15 i ein 10-årsperiode. Som følgje av Folgefonntunnellen er det noko usikkert korleis folketalsutviklinga i deler av planområdet vil skje framover. Det vert difor i planarbeidet teke høgde for noko større folketalsauke.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i Mauranger-området (inkl Årvik-Hesvik) i perioden 1980-2005.

Tab 01 Folketal registrert 1. januar

| 1980 | 1984 | 1988 | 1990 | 1992 | 1994 | 1996 | 1998 | 2000 | 2002 | 2004 | 2005 |
|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 352  | 352  | 356  | 342  | 326  | 315  | 300  | 299  | 292  | 294  | 308  | 308  |

Mauranger hadde ein topp med litt over 500 innbyggjarar rundt 1970 i samband med kraftutbygginga i området. Elles har folketalet vore svært stabilt dei siste åra.

### Plangrunnlag

Formannskapet sitt vedtak i samband med oppstartsmeldinga lyder slik (F-møte 30.04.03):

1. Formannskapet som styringsgruppe for planarbeidet vedtek å starta opp arbeidet med komunedelplan for Mauranger-området i samsvar med framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.
2. Formannskapet ber om at dei planføresetnadene som er skisserte i det vedlagde plangrunnlaget datert mars 2003 vert lagt til grunn for arbeidet. Det må likevel vera opning for andre planforslag som kjem inn under innspelsperioden.
3. Formannskapet legg opp til ein stram tidsplan og at innspel til planarbeidet må koma inn tidlegast mogeleg i prosessen.

I samband med oppstartsvedtaket vart det sett opp ein del føresetnader for planarbeidet:

- Det vert lagt opp til å finna areal til minst 20 nye bustadtomter i planperioden. Om lag halvparten av dette kan visast som spreidd utbygging i LNF-område.
- Det skal finnast plass for minst 30 hyttetomter i planperioden.
- Det må finnast plass for båthamn på strekninga Sundal – Austrepollen. Naustområde vert å vurderast i samband med innspel.
- Både langs Årvikstranda og i Maurangerfjorden må det finnast plass for fleire akvakulturanlegg. Utviding av eksisterande anlegg må også vurderast.
- I planen må det leggjast ut eit næringsområde.
- Innanfor planområdet må det visast område ved sjøen som kan sikrast og tilretteleggast som badeplassar.

## Planframstilling

Denne planforklaringa skal gje utfyllande informasjon i tilknytning til plankartet. Her er også teke med føresegnar og retningslinjer for kommunedelplanen. Det er viktig å vera merksam på at i tillegg til plankartet er det føresegnene som er juridisk bindande.

Dei nye utbyggingsområda som er viste på plankartet er lista opp i tabellar nedanfor. Desse tabellane viser storleik på utbyggingsområda, arealklassifisering og evt. plankrav. Arealklassifiseringa byggjer på markslagsklassifiseringa i økonomisk kartverk og fagleg skjønn og skal vera til hjelp for andre myndigheiter i samband med vurdering av omdisponering. Tabellane inneheld også ei landbruksfagleg vurdering av utbyggingsareala.

I arbeidet med kommunedelplanen er det lagt vekt på ei grundig arealvurdering. M.a. er det føreteke ei vurdering av LNF-områda der det er avgrensa areal som har særleg verdi som landbruksareal (L), særleg verdi som naturområde (N) og særleg verdi som friluftareal (F).

Areal som er omfatta av godkjende reguleringsplanar eller strandplanar (Årvikstrand) er på plankartet vist som eksisterande arealbruk. Godkjende reguleringsplanar er lista opp i planføresegnene og skal gjelda i kommuneplanen. Der det er motstrid, gjeld arealdelen i kommunedelplanen framfor reguleringsplanen.

## Senterstruktur

Ulike deler av planområdet er knytte opp mot ulike senter. Årvikstrand er knytt til Kysnesstrand i Jondal kommune, t.d. skule og daglegvarehandel. Ein del andre kommunale tenester i dette området vert også kjøpte frå Jondal kommune.

Sundal vert rekna som senter for resten av Mauranger, t.d. med skule, barnehage og daglegvarehandel. Etter at Folgefonntunnelen vart bygd, vert Odda meir og meir nytta som servicesenter for denne delen av kommunen.

I samband med fylkesdelplan for Sunnhordland er Sundal føreslått som "fjordlandsby" og det er tilrådd å få utarbeidd ein stadanalyse for området der både næringsutvikling og verneinteresser skal vurderast. I denne vurderinga må det leggast til grunn at Sundal er ein av dei viktigaste innfallsportane til nasjonalparken.

## Planinnhald

### *Kommunikasjonar*

Mauranger fekk veg frå Løfallstrand i slutten av 60-åra i samband med kraftutbygginga i området. Vegen frå Nordrepollen til Eikenes og Gjetingsdalen vart opna hausten 1986. Sommaren 2001 vart Folgefonntunnelen opna og Mauranger vart dermed knytt svært nært opp til hovudvegssystemet.

Årvik-Hesvik fekk vegsamband med Jondal i 1983.

For tida vert det arbeidd med plan for tunnel Nordrepollen - Torsnes. Dette inneber at tidlegare planar om ein kort tunnel Eikenes-Hesvik er lagt vekk. Planarbeidet for Jondalstunnelen føregår parallelt med kommunedelplanen for Mauranger-området. I kommunedelplanen er det lagt inn to alternative tracear i samsvar med kommunestyrevedtak.

Framtidig utviding av riksveg der det er liten plass mellom sjø og veg bør skje på oppsida av vegen.

Når det gjeld sjøtransport, er det vist utviding av kai/hamneområde ved Statkraft sin utskipingskai i Austrepollen.

### *Byggeområde*

Dei siste åra er det bygt nokre få bustadhus i planområdet. Det er registrert interesse for bustadbygging særleg i Sundal, men manglande arealavklaring har førebels sett ein stoppar for dette. På Ænes er det nokre ledige tomter i det tilrettelagde byggefeltet.

Tabellen nedanfor viser om lag 45 da til bustadføremål (utviding av Ænes byggefelt, eit felt på Bondhus og eit felt på Knarrvikeneset). Dette gjev plass for om lag 30 nye tomter.

På strekninga Årvik-Hesvik vart det i slutten av 70-åra lagt ut fleire hyttefelt. På Ænes er det dei siste åra bygt ein del nye hytter. Det er framleis stor interesse for hyttebygging i planområdet og det vert arbeidd med reguleringsplanar for hytter både i Sundal og på Ænes, og det er nyleg godkjent reguleringsplan for hytter i Hesvik (Tømmervika-Hamnavika).

Tabellane nedanfor viser om lag 70 da til nye hyttefelt. Alt etter utnyttingsgrad kan dette gje plass til 30 - 40 nye hytter. I tillegg til dette er det teke med eit tidlegare godkjent byggeområde på Ænes, F-10, på 20 da. Den nyleg godkjente reguleringsplanen i Hesvik viser 45 nye hytter.

Når det gjeld kaianlegg/terminalar, er det vist utviding av eksisterande utskipingskai i Austrepollen. I tilknytning til denne er det også vist areal på land i tilknytning til kaien. Denne kaien kan m.a. gje plass til Ro-Ro-kai, cruisebåtkai og sjøsetjing/landsetjing av småbåtar i samband med planane om "kanaltransport" Telemark – Hardanger.

Det er stor interesse for naustbygging og småbåthamner i området, særleg på strekninga Sundal – Austrepollen. I planen er det føreslege småbåthamn vest for anleggskaien i Austrepollen og ei mindre hamn vest for kaien i Sundal. I tabellen nedanfor er det lista opp fem mindre naustområde, alle er knytte til bustad- eller hytteområde. Naustområda er planen inntil vidare unnateke rettsverknad, grunna motsegn frå fylkesmannen.

I kommunedelplanen vert det lagt ut ti næringsområde, dei fleste er knytte til gardsturisme og reiseliv.

Tabellen på neste side viser areal som er utlagt til nye byggjeområde: bustadbygging (B), fritidsbusetnad/hytter (F), næringsføremål (N), kaiar (K), småbåthamner (Sm) og naustområde (Na).

Tabellen viser også ei landbruksfagleg vurdering av byggeområda i høve til dagens arealbruk (dyrka mark, beite, skog, anna), driftsform på arealet og konsekvensar for jord-/skogbruk. Konsekvensane er skildra slik: svært positive (+++), positive (++), noko positive (+), nøytrale (0), noko negative (÷), negative (÷ ÷), svært negative (÷ ÷ ÷).

| Kartreferanse | Område                      | Samla areal (dekar) | Plankrav  | Gnr/bnr     | Landskap<br>Kategori | Arealklassifisering (dekar) |               |                 |                   |      | Driftsform på arealet      |              |
|---------------|-----------------------------|---------------------|---|-------------|----------------------|-----------------------------|---------------|-----------------|-------------------|------|----------------------------|--------------|
|               |                             |                     |   |             |                      | Dyrka                       | Innmarksbeite | Drivverdig skog | Ikkje drivv. skog | Anna |                            | Konsekvensar |
| B-01          | Ænes byggefelt              | 30                  | Reg.plan  | 64/2        | B1                   |                             |               | 30              |                   |      | Skogbruk                   | ÷            |
| B-03          | Bondhus                     | 7                   | Beb.plan  | 60/2,4,6    | A2                   | 7                           |               |                 |                   |      | Jordbruk (grasprod.)       | ÷ ÷          |
| B-04          | Knarrvikeneset              | 8                   | Beb.plan  | 43/1        | B1                   |                             |               | 4               | 4                 |      |                            | 0            |
| F-01          | Eirikshola                  | 32                  | Reg.plan  | 64/1        | -                    |                             |               | 12              |                   | 20   | Skogbruk og jakt           | ÷ ÷          |
| F-03          | Årsand                      | 15                  | Reg.plan  | 44/1        | B1                   |                             |               | 10              | 5                 |      | Skogbruk                   | ÷ ÷          |
| F-04          | Årvikneset                  | 12                  | Reg.plan  | 42/1        | B1                   |                             |               |                 | 12                |      |                            | 0            |
| F-08          | Ænestangen                  | 11                  | Reg.plan  | 64/2, 64/7  | B1                   |                             |               |                 |                   | 11   |                            | 0            |
| F-10          | Ænes (vidareutvikling)      | 20                  | Beb.plan  | 64/1, 64/14 | B1                   |                             |               | 10              |                   | 10   |                            | 0            |
| N-01          | Ænes camping                | 20                  | Reg.plan  | 64/1        | B1                   |                             |               | 11              |                   | 9    | Skogbruk                   | 0            |
| N-02          | Sundal camping I            | 10                  | Reg.plan  | 59/1        | A2                   | 10                          |               |                 |                   |      | Jordbruk                   | ÷ ÷          |
| N-03          | Nerhus                      | 18                  | Reg.plan  | 56/1        | B2                   | 5                           | 5             |                 |                   | 8    | Jordbruk (grasprod./beite) | ÷            |
| N-04          | Flatebø                     | 3                   | Reg.plan  | 54/4        | B1                   | 3                           |               |                 |                   |      | Jordbruk (grasprod.)       | ÷ ÷ ÷        |
| N-05          | Dalassjøen                  | 1                   | Beb.plan  | 51/4 m. fl. | B1                   |                             |               |                 |                   | 1    |                            | 0            |
| N-06          | Maurangneset                | 2                   | Beb.plan  | 46/1        | B1                   |                             |               |                 |                   | 2    |                            | 0            |
| N-07          | Knarrvikeneset              | 3                   | Beb.plan  | 43/4        | B1                   |                             |               |                 | 2                 |      |                            | 0            |
| N-08          | Sundal camping II           | 7                   | Reg.plan  | 59/1        | A2                   | 7                           |               |                 |                   |      | Jordbruk                   | ÷ ÷ ÷        |
| N-09          | Veikjasteinen               | 1                   | Reg.plan dersom Sandvika vert regulert. Elles ingen plankrav. | 64/1        | -                    |                             |               |                 | 1                 |      |                            | 0            |
| N-10          | Uraviksklubben              | 8                   | Beb.plan  | 45/2        | B1                   |                             |               | 8               |                   |      |                            | ÷ ÷          |
| K-02          | Statkraft sin utskipingskai | 6                   | Reg.plan  | 57/1,15     | B2                   |                             |               |                 |                   | 6    |                            | 0            |
| Sm-01         | Flåtavika                   | -                   | Reg.plan  | -           | A2                   |                             |               |                 |                   |      |                            | 0            |
| Sm-02         | Saltkjelen                  | -                   | Reg.plan  | -           | B2                   |                             |               |                 |                   |      |                            | 0            |
| Sm-03         | Flatebø                     | -                   | Reg.plan  | -           | B1                   |                             |               |                 |                   |      |                            | 0            |
| Sm-04         | Dalassjøen                  | -                   | Beb.plan  | 51/4 m. fl. | B1                   |                             |               |                 |                   |      |                            | 0            |
| Na-03         | Apalevika                   | 1                   | Reg.plan  | 64/2        | B1                   |                             |               |                 |                   | 1    |                            | 0            |
| Na-06         | Knarrvikeneset              | 1                   | Beb.plan  | 43/1        | B1                   |                             |               |                 |                   | 1    |                            | 0            |
| Na-07         | Årvika                      | 1                   | Ingen   | 43/1        | B1                   |                             |               |                 |                   | 1    |                            | 0            |
| Na-09         | Kalhageneset                | 1                   | Beb.plan  | 59/4        | A2                   |                             |               |                 |                   | 1    |                            | 0            |
| Na-10         | Ænestangen                  | <1                  | Reg.plan  | 64/7        | B1                   |                             |               |                 |                   | <1   |                            | 0            |

*Spreidd bygging i LNF-område*

I planområdet er det på eit mindre areal ved Lambavatnet (Årvik) opna for spreidd bygging av fritidshus i LNF-område.

Tabellen nedanfor viser areal til fritidshus (Ksf).

Tabell 03 Spreidd utbygging

| Generelt      |             |                     |                   |          |         | Landbruksfagleg vurdering   |               |                  |                   |      |            |              |
|---------------|-------------|---------------------|-------------------|----------|---------|-----------------------------|---------------|------------------|-------------------|------|------------|--------------|
| Kartreferanse | Område      | Samla areal (dekar) | Omfang (einingar) | Plankrav | Gnr/bnr | Arealklassifisering (dekar) |               |                  |                   |      | Driftsform | Konsekvensar |
|               |             |                     |                   |          |         | Dyrka                       | Innmarksbeite | Drivverdige skog | Ikkje drivv. skog | Anna |            |              |
| Ksf-03        | Lambavatnet | 23                  | 3                 | Ingen    | 43/1    |                             |               |                  | 3                 |      |            | 0            |



## Jordbruk og skogbruk

Landbruksareala er inkludert i LNF-områda. Dei mest verdifulle jordbruksareala er registrerte og viste som L-område på plankartet, sjå avsnittet om planframstilling ovanfor.

Det er tidlegare utarbeidd oversiktsplan for skogbruket i kommunen. Denne planen vart vedteken av kommunestyret i august 2001 og viser m.a. produktivt skogareal og behovet for nye skogsvegar. Det er også utarbeidd landbruksplan for Kvinnherad. Denne vart vedteken av kommunestyret i sept. 2004. I tillegg til å vera ein sektorplan for landbruket trekkjer landbruksplanen opp retningsliner for klassifisering av landbruksareal.

Det er aktiv landbruksdrift i heile planområdet med mjølkeproduksjon, mykje sauehald og store areal med produktiv skog. Utmarka vert nytta til jakt, fiske og beite. Hjortejakta utgjer ein vesentleg del av ressursane. Eit velstelt kulturlandskap er ein viktig faktor for reiseliv i området. Potensialet for auka utnytting av landbruksressursane er til stades.

Fleire gardsbruk driv med tilleggsnæringar knytte til landbruket: Biletkunst og gyngesau i Årvik, Eikenes gardsmuseum, Sundal camping, salmakerverkstad og hesteskyss i Sundal, Olaløa serveringsstad, Ænes Laksepark, Ænes Camping og sagbruk på Ænes. Det er og bygsling av hyttetomter i området. I Ænesdalen er det utleige av hjortejakt.

Tabell 04 Oversikt over gardsbruk

|                   | Tal bruk  | Jordbruksareal | Produktivt skogbruksareal |
|-------------------|-----------|----------------|---------------------------|
| Ænes              | 16        | 234            | 5600                      |
| Sundal            | 13        | 809            | 100                       |
| Austrepollen      | 8         | 320            |                           |
| Nordrepollen      | 12        | 342            |                           |
| Gjetingsdalen     | 8         | 338            | 1300                      |
| Hesvik/Maurangnes | 2         | 73             | 1400                      |
| Årsand            | 4         | 281            | 2200                      |
| Årvik             | 5         |                |                           |
| Gausvik           | 2         |                |                           |
| <b>S U M</b>      | <b>70</b> | <b>2397</b>    | <b>10600</b>              |

## Reiseliv

I tillegg til den landbrukstilknytte reiselivsnæringa som er nemnt ovanfor, er det i Sundal etablert eit turistanlegg, Mauranger Kro og Vertshus.

## Fiske og akvakultur

Det er registrert fleire kaste- og låssetjingsplassar i planområdet. Vidare er det registrert viktige gyte- og oppvekstområde for fisk i Maurangerfjorden. Dei registrerte kaste- og låssetjingsplassane er i planforslaget justerte noko, etter ei vurdering opp mot andre interesser.

Eksisterande akvakulturanlegg er viste på plankartet og avgrensa slik dei er godkjende av fiskerimyndighetene. For dei fleste anlegga er det vist utvidingsareal, merka som planlagt.

Når det gjeld eksisterande fiskeoppdrett, har Sjøtroll-gruppa setjefiskanlegg i Sundal. Dette anlegget har konsesjon på 2 mill setjefisk pr år. Selskapet har vidare konsesjon på oppdrett av laks og aure i Tveitnesvikjo og ved Skottberg. Bremnes Fryseri har konsesjon på laks og aure i Hesvik og Vetla Gausvik. Vidare har selskapet fått konsesjon på kveite på sørsida av Hesvika.

Fire blåskjellanlegg er etablerte i området, ved Knarvik, mellom Årsand og Hesvik og to på sørsida av Maurangnes.

Våren 2002 vart det utarbeidd ein havbruksanalyse for Sunnhordland som m.a. viser område som er eigna for ulike former for akvakultur. Denne analysen er lagt til grunn for vidare planlegging for havbruksnæringa i området. Men avdi det førebels manglar ein detaljert havbruksanalyse, er det vanskeleg å peika ut konkrete lokalitetar. Ein del område er difor lagde ut som fleirbruksområde der også akvakultur kan tillatast.

### *Servicenæringar*

I Sundal ligg hovudkontoret for Norske Landbrukstenester som er ein medlemsorganisasjon for avløyssarlag i Norge. I Sundal er det også nærbutikk og bensinstasjon.

### *Følgefonna nasjonalpark*

Ein stor del av fjellområda nær Følgefonna er omfatta av Følgefonna nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde (Ænesdalen og Bondhusdalen) som vart oppretta ved Kgl. res. 29.04.05. I kommunedelplanen vert verneområda viste som bandlagde område.

### *Natur og friluftsliv*

Det er gitt generelle retningslinjer med omsyn til biologisk mangfald, friluftsliv og landskapsoppleving i heile planområdet. Landskapsdraga langs nedre delen av dei tre største vassdraga i planområdet, dvs Æneselva, Furebergselva og Bondhuselva er markerte som LNF-N, dvs. at naturvern er den dominerande interessa.

Det er registrert verdifulle botaniske forekomstar på austsida av utløpet til Æneselva, ved Furebergfossen, i Bondhuslia, skråninga på nordsida av Austrepollen, sørsida av Øyresdalen og Bergstølia. Eit større område kring Daursmålshaugen mellom Ænesdalen og Furebergdalen vart vurdert som verneverdig i samband med utarbeiding av verneplan for barskog, utan at det vart freda. I ei kartlegging av havstrand i Hordaland vart strandvegetasjon på Øyre, Årsand og Årvik registrert. Lokaliteten på Årsand vart skildra som eit verneverdig typeområde. Desse områda vert liggjande i LNF-område og dei fleste av dei vert markerte som N-område på plankartet.

På 80-talet vart det registrert verneverdige kvartærgeologiske førekomstar i Flatebødalen (morenerygg) og Bondhusdalen (terrasseformasjonar). Alle dalføra innanfor utgreiingsområdet for Følgefonna nasjonalpark vart i 1999 kartlagt i høve til kvartærgeologi.

Følgefonna og Bondhusdalen har i mange generasjonar vore trekkplaster for friluftssinteresserte. Kvinnherad Turlag har hytter ved fonnakanten (Breidablikk og Fonnabu) og Odda Turlag har hytte på Holmaskjær. Det er merka turstiar/vegar fleire stader i planområdet. Dei viktigaste vert i planen merka som F-område.

På grunn av topografien er det lite tilgang på sandstrender i planområdet. Likevel er det ein del område som har særleg interesse, t.d. Sandvika sørvest for Ænes, Sandvika og Kalvatre ved Sundal, Evja ved Veasteinen i Austrepollen, Syngjelsanden i Nordrepollen, Kobbavikja mellom Maurangnes og Hesvik, rullesteinfjæra nedanfor skulehuset på Årsand og eit mindre område ved Knarrvikeneset. Desse områda vert viste som F-område på plankartet. Sjøen utanfor vert vist som NF-område, dvs natur- og friluftsområde.

### *Kulturminne*

Alle freda kulturminne er viste som bandlagde område så langt dei er kartfesta av fylkeskommunen. I område med automatisk freda kulturminne tek fylkeskommunen atterhald for alle former for endra arealbruk inntil områda er nærare undersøkte av arkeologar i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

På Ænes ligg den freda steinkyrkja frå mellomalderen. Gjerdetunet i Austrepollen er ei samling med gardshus som høyrer til Sunnhordland Folkemuseum. På Årsand er det bergmåling frå bronsealderen. Det er også registrert fornminne på Munkuretangen (Maurangneset), Gjerde (Austrepollen), neset ved Klovsteinane (Austrepollen), Kalhageneset (Sundal) og ved Koltveit (Bondhusdalen). Det finst også andre fornminne i planområdet, men desse er førebels ikkje kartfesta av fylkeskommunen.

I den gamle skulestova på Årsand har Jondal kommune skulemuseum.

Etter innspel frå fylkeskommunen får nokre område med særlege kulturminneinteresser eigne retningslinjer til arealdisponeringa.

Ein del område peikar seg ut som særleg verdifulle kulturlandskap. Eikenes og Maurangnes er døme på slike. Også desse områda vert viste på plankartet som retningslineområde for særlege kulturminneinteresser.

### *Landskapsanalyse/landskapskartlegging*

I samband med arbeidet med Folgefonna nasjonalpark har NIJOS (Norsk institutt for jord- og skogforskning) utført ei vurdering av opplevingskvalitet i ein del av dalføra rundt Folgefonna. Her har Ænesdalen komme i verdiklasse A2, dvs. landskap som er eineståande og særleg opplevingsrikt medan Furebergdalen og Bondhusdalen har komme i verdiklasse B1, dvs. landskap med gode opplevingskvalitetar og som er typiske for regionen.

Det er også utarbeidd romleg landskapsanalyse og evaluering av landskapskvalitetar i Mauranger-området, særleg med sikte på utpeiking av område som er verdifulle i reiselivssamanheng. I denne analysen har Sundal og Gjetingsdalen fått landskapskarakter A2, dvs svært særprega og inntrykkssterkt landskap, Austrepollen har fått landskapskarakter B2, noko reduserte kvalitetar, medan Årvikstranda, Nordrepollen, Ænes og resten av Maurangerfjorden har fått landskapskarakter B1, dvs typisk for regionen, jamt godt.

### *Kraftutbygging*

I tillegg til kraftutbygginga som er utført av NVE (Statkraft) i slutten av 60-åra, er det planar om ytterlegare utviding av produksjonen med overføring av øvre del av Tveitelva i Nordrepollen sitt nedbørsfeltet (Kvanngrevatn) til Langavatn og overføring av Markkjelkevatn til overføringstunnelen mellom Jukla Kraftstasjon og Svartedalsvatn.

Statkraft har planar om overføring av Blådalsvatn til Juklavatn. Her er det også ein del bekkeinntak, m.a. avrenninga frå Kvitnadalen. Dette prosjektet ligg utanfor nasjonalparken og det vert for tida arbeidd med konsekvensutgreiing for utbyggingsprosjektet.

Overføring av Middagsvatn til Mysevatn er eit mindre prosjekt som også ligg utanfor den føreslegne nasjonalparken.

Når det gjeld minikraftverk, føreligg det godkjende planar i Tveitelva i Nordrepollen, Øyrabekken i Hesvik, Gjerdselva i Austrepollen og Daleelva i Gjetingsdalen. Vidare er det sett i gang planarbeid for Årvikelva. Alle desse vert behandla etter eige regelverk og vert difor ikkje viste i kommunedelplanen.

Æneselva og Furebergselva er med i verneplan IV for vassdrag, noko som inneber at desse elvane er verna mot kraftutbygging. Nedbørsfeltene for desse vassdraga vert viste saman med plankartet.

### *Massetak*

På Ænes, i Nordrepollen og i Årvik har det fram gjennom åra vore teke ut store mengder sand og grus.

I NGU sin database for grusførekomsstar i Mauranger-området finn vi følgjande førekomsstar: Ænes 4,7 mill. kbm. Bondhus 2,8, Austrepollen 0,7, Flatebø 0,5, Øyre 0,3 og Årvik 0,2. Vidare viser NGU sin base for pukkførekomsstar moglege uttaksområde på Ænes.

Eit område på Ænes vart vist som mogleg framtidig massetak i kommunedelplanen som låg ute til offentleg gjennomsyn, men vart teke ut etter varsel om motsegn frå fylkesmannen.

Tunnelmassar frå Folgefonntunnelen er lagra ved utskipingskaaien mellom Sundal og Austrepollen. Dette er mellombels lagerplass og når massane er fjerna, skal området framleis ha status som LNF-område.

### *Skredfare*

Statens vegvesen har utarbeidd ei oversikt over skredfarlege parti langs Fv 51 Løfallstrand-Eikenes. Vidare har ein geolog frå UiB utført ei skredfareregistrering i området frå Ænes til Gjetingsdalen og området frå Hesvik til Gausvik. Denne registreringa viser område der det ikkje bør byggjast. Skredfargrensa er likevel lite detaljert og dersom det er aktuelt å byggja i nærleiken av grensa, må det i kvart einskilt tilfelle utførast grundigare undersøkingar. Slike undersøkingar bør gjerne utførast av ein annan person/institusjon for å få ei sikrast mogleg vurdering.

### *Brannberedskap*

Område som vert lagt ut til ulike utbyggingsføremål, t.d. bustad-, hytte- og industrifelt, må plasserast og tilretteleggjast slik at krava til innsatstid og sløkkjevatn kan verta ivaretatt.

### *Vassforsyning*

Nedbørsfeltet for eksisterande vassverk er på plankartet viste som restriksjonsområde for drikkevatt.

### *Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)*

Det er utarbeidd eigen ROS-analyse i tilknytning til kommunedelplanen med følgjande samandrag og konklusjon:

”Av alle nye byggjeområde i kommunedelplanen er det ingen som kjem dårleg ut i ROS-analysen.

Som grunnlag for kommunedelplanen er det utarbeid ein analyse/registrering av rasfare i planområdet. For ein del byggjeområde som kjem nær skredfaregrensa er det i planføresegnene sett krav om at det må utarbeidast meir spesifikke analysar og registreringar.

Arealplankartet er tiltaksdelen i risikoanalysen, her vert det vist kva tiltak som kan gjennomførast. Innspel som er i strid med ROS-analysen er ikkje tekne med i planen. For seinare planar vil vi prøve å vise kva område som er utsett for risiko eller er sårbare og unngå byggjeaktivitetar i desse områda.

Av dei ulike tema som er vurderte, er det berre trafikktryggleik som har uakseptabelt høg risiko, men dette gjeld eksisterande byggjeområde og trafikkløysingar”.

### *Trafikksikringstiltak*

Trafikksikring vert ikkje vist i denne planen då ny trafikksikringsplan for Kvinnherad er under handsaming som eigen kommunedelplan. Prioriterte gang- og sykkelveggar vil bli tekne med ved rullering av kommunedelplanen.

## Føresegner og retningslinjer.

### Gjeldande reguleringsplanar

Følgjande godkjende/stadfesta reguleringsplanar skal gjelde i kommunedelplanen. Der det er motstrid gjeld arealdelen i kommunedelplanen framfor reguleringsplanen. Dette gjeld likevel ikkje dersom motstriden skuldast ulik detaljeringsgrad eller generalisering av arealbruksføremål.

| Namn   | Stadfestings-dato |
|--|-------------------|
| Reg.plan Hyttefelt Ænes, del av 64/1           | 26.10.2000        |
| Reg.plan Helleneset/Dalane, 59/2               | 21.03.2002        |
| Hyttefelt Sveo, Årvikstrand, del av 43/1 m.fl. | 15.11.1983        |
| Reg.plan Årvikneset, 42/1-4 og 43/5 m.fl.      | -                 |
| Reg.plan Ænes - Austrepollen                   | 26.01.1995        |
| Reg.plan Austrepollen – tunnelpåslag           | 26.01.1995        |
| Reg.plan Tømmervika - Hamnavika                | 25.08.2005        |

### Føresegner og retningslinjer til byggeområde etter pbl §20-4, første ledd nr 1

#### Føresegner

- Tiltak som nemnt i pbl §§ 81,84, 86a, 86b og 93, samt frådelling til slike formål kan ikkje igangsetjast før området inngår i reguleringsplan eller bebyggelsesplan (jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav a). Framtidige byggeområde der det er sett plankrav:

|       |                             |   |
|-------|-----------------------------|---|
| B-01  | Ænes byggefelt              | Reg.plan  |
| B-03  | Bondhus                     | Beb.plan  |
| B-04  | Knarrvikeneset              | Beb.plan  |
| F-01  | Eirikshola                  | Reg.plan  |
| F-03  | Årsand                      | Reg.plan  |
| F-04  | Årvikneset                  | Reg.plan  |
| F-08  | Ænestangen                  | Reg.plan  |
| N-01  | Ænes camping                | Reg.plan  |
| N-02  | Sundal camping I            | Reg.plan  |
| N-03  | Nerhus                      | Reg.plan  |
| N-04  | Flatebø                     | Reg.plan  |
| N-05  | Dalassjøen                  | Beb.plan  |
| N-06  | Maurangsneset               | Beb.plan  |
| N-07  | Knarrvika                   | Beb.plan  |
| N-08  | Sundal camping II           | Reg.plan  |
| N-09  | Veikjasteinen               | Reg.plan dersom Sandvika vert regulert, viss ikkje, ingen plankrav. |
| N-10  | Uraviksklubben              | Beb.plan  |
| K-02  | Statkraft sin utskipingskai | Reg.plan  |
| Sm-01 | Flåtavika                   | Reg.plan  |
| Sm-02 | Saltkjelen                  | Reg.plan  |
| Sm-03 | Flatebø                     | Reg.plan  |
| Sm-04 | Dalassjøen                  | Beb.plan  |
| Na-03 | Apalevika                   | Reg.plan  |
| Na-06 | Knarrvikeneset              | Beb.plan  |
| Na-09 | Kalhageneset                | Beb.plan  |
| Na-10 | Ænestangen                  | Reg.plan  |

Noverande byggeområde (vidareført frå kommunedelplan 1989) der det er sett plankrav:

|      |                        |          |
|------|------------------------|----------|
| F-10 | Ænes (vidareutvikling) | Beb.plan |
|------|------------------------|----------|

- Tilsvarande skal tekniske anlegg vera utbygde i området seinast før igangsettingsløyve for bygg vert gjeve. Jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.
- Følgjande område er inntil nærare avklaring, enten gjennom kommuneplan eller reguleringsplan, unnateke rettsverknad grunna motsegn:

|      |                   |
|------|-------------------|
| N-08 | Sundal Camping II |
|------|-------------------|

|       |                |
|-------|----------------|
| Na-03 | Apalevika      |
| Na-06 | Knarrvikeneset |
| Na-07 | Årvika         |
| Na-09 | Kalhageneset   |
| Na-10 | Ænestangen     |

- Ved utarbeiding av reguleringsplan (evt. søknad om tiltak der det ikkje er plankrav) må det for følgjande område utførast nærare skredfareundersøkingar:

|       |                             |
|-------|-----------------------------|
| B-01  | Ænes byggefelt              |
| F-01  | Eirikshola                  |
| F-10  | Ænes (vidareutvikling)      |
| N-02  | Sundal camping I            |
| N-03  | Nerhus                      |
| N-04  | Flatebø                     |
| N-05  | Dalassjøen                  |
| K-02  | Statkraft sin utskipingskai |
| Sm-01 | Flåtavika                   |
| Sm-02 | Saltkjelen                  |

- Følgjande næringsområde skal før utbygging kan skje, vurderast etter jordlova:

|      |                   |
|------|-------------------|
| N-04 | Flatebø           |
| N-05 | Dalassjøen        |
| N-06 | Maurangsneset     |
| N-07 | Knarrvikeneset    |
| N-08 | Sundal camping II |
| N-09 | Veikjasteinen     |

- I byggeområde skal "areal for plasskrevande aktivitetar" og "leikeareal" vera ferdigstilt før byggeområda vert tekne i bruk, jmf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.
- I naustområde med meir enn 4 naust vert det sett krav om reguleringsplan.
- Naustområde med inntil 4 naust kan byggjast ut som enkelttiltak. Nausta skal plasserast og byggjast på ein slik måte at allmenne natur og friluftsiinteresser vert tekne vare på. Jordlova §§9 og 12 skal gjelda.
- Naust skal ikkje nyttast som fritidsbustad. Jmf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.
- For einskildtomter vist som noverande byggeområde, og som grenser til sjø og/eller kan definerast til heilt eller delvis å liggja innanfor funksjonell strandsone (jmf. fylkesdelplan for kystsona) gjeld (jmf. Pbl § 20-4 2. ledd bokstav b):
  - a) For utbygde tomter skal tilleten utnyttingsgrad vera lik noverande utbygging.
  - b) På ikkje-utbygde tomter kan det byggjast ei eining. Plassering og utforming skal vera i samsvar med kommunen sine estetiske retningslinjer til pbl. § 17.2. For den ikkje-utbygde tomte på Klubben på Årvikstrand vert det sett krav om ei byggegrense på 25 m frå sjø.
- Frådeling av gardsnaust eller naustrettar knytt til gardsbruk skal vurderast etter Jordlova, uavhengig av arealbruksføremål i planen.
- Nye bygningar og anlegg skal plasserast slik at mest mogeleg av eksisterande kultur- og naturlandskap, vegetasjon, dyreliv og terreng vert teke vare på. Jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.
- Det skal setjast av areal for plasskrevjande fellesaktivitetar som ball-leik mm. Område skal ha både horisontale parti og bakkar. Areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast som del av leikeareal eller uteopphaldsareal. Jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav d.
- For vegtrafikkstøy gjeld retningslinene frå SFT og bakgrunnstøy skal ikkje overstiga ekvivalentnivå 55dB (A) for nye område og 60 dB (A) for eksisterande område. Leikeplassar og areal for uteaktivitetar skal ikkje plasserast i nærleiken av høgspenteleidningar, eller riks- eller fylkesvegar. Jf pbl § 20-4, andre ledd bokstav d.
- For all utbygging og planlegging gjeld kommunen sine estetiske retningslinjer til pbl §74.2. Jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.
- Arbeid med nye utbyggingsfelt kan ikkje igangsetjast utan at nok sløkkjevatt er sikra, anten via leiingsnett eller ved kompenserte tiltak. Innsattid for redningpersonell til hytteområde kan overstiga 30 minutt dersom det vert teke forsvarleg omsyn til brannsmitte mellom bygningane. Jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.

- For F-08 Ænestangen, N-06 Maurangnes, N-04 Flatebø og Sm-03 Flatebø skal det ved fastsetjing av utnyttingsgrad, plassering, storleik og utforming av bygningar og anlegg takast spesielt omsyn til området sine natur- og kulturlandskapskvalitetar. Jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.
- For F-08 Ænestangen må det søkjast om felles rammeløyve for dei bygningane som er aktuelle.

### *Retningslinjer*

- ◆ Ved planlegging og gjennomføring av tiltak, bygningar og uteområde, bør det sikrast godt tilgjenge for alle befolkningsgrupper i samsvar med dei tilgjengekriteria som er nedfelt i vegnormalane og byggeforskrifta.
- ◆ Leikeplasser bør plasserast i tilknytning til og i samanheng med andre ubebygde og vegetasjonsberande areal, og må vidare skjermast mot vind og snødrev samt forurensing og helsefare.
- ◆ Garasjar som står vinkelrett på privat felles veg eller offentleg veg, bør plasserast med porten 6 m frå denne. Garasjar parallelt med felles privat veg eller offentleg veg bør ha ein avstand 2 m frå denne.
- ◆ Der utbyggingsområde ikkje er tilrettelagt med tekniske anlegg eller samfunnstenester og slik tilrettelegging ikkje er planlagt eller aktuell, kan td. privat utbyggjar forskottera slike anlegg og/eller tenester. Det bør inngåast avtale om tilbakebetaling.
- ◆ Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland skal leggast til grunn for all planlegging og utbygging i strandsona.
- ◆ Byggjeområde og einskildbygningar skal planleggast og utbyggast slik at det vert mogeleg med fri ferdsel langs stranda.
- ◆ Nausttomter bør ikkje vera større enn 7x10 m.
- ◆ For utforming av naust vert det vist til kommunen sine retningslinjer for bygging i strandsona.
- ◆ Langs vassdrag skal grøntstruktur med evt kantvegetasjon sikrast. Dette er viktig med omsyn på god estetisk tilpassing og for å sikra gode vilkår for fisk.
- ◆ Ved utbygging av nye bustadområde kan kommunen påleggja utbyggjar å byggja gang- og sykkelveggar eller tilsvarende tilbud til mjuke trafikantar.
- ◆ Utarbeiding av detaljplanar og planar for einskildtiltak bør ta utgangspunkt i Statens strålevern sin strategi om byggegrenser til kraftleidningar for bustadhus, barnehagar og leikeplassar med mer.

## **Føresegner og retningslinjer til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) etter pbl § 20-4, første ledd nr 2**

### *Føresegner*

- I landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) er det forbod mot spreidd bygging av bustadhus, fritidshus og bygning til erverv. Jf pbl §20-4, første ledd nr 2.
- For all utbygging og planlegging gjeld kommunen sine estetiske retningslinjer til pbl §74.2. Jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.

### *Retningslinjer*

- ◆ For jordbrukseining i drift er det tillate med ein ekstra bustad (ikkje frådelt eigedom), om det er naudsynt med omsyn til drifta på bruket. Bustaden skal lokaliserast saman med eksisterande gardstun, og ta omsyn til eksisterande estetikk og kulturmiljø på garden.
- ◆ På alle øyar, holmar og skjær i fjorden skal natur- og friluftstinteresser prioriterast. I område med dokumenterte natur-, kulturminne- og friluftskvalitetar, skal det ikkje opnast opp for tiltak som kjem i konflikt med desse interessene.
- ◆ Ved bygging av hytter til næringsformål i fjellet, skal stolar primært setjast i stand eller restaurerast. Nye bygningar skal byggast i samsvar med byggeskikken i stølsområdet.
- ◆ For tiltak etter pbl §81 (driftsbygningar i landbruket) nærare automatisk freda kulturminne enn 50 m, skal Hordaland fylkeskommune, kulturseksjonen kontaktast for uttale.

## **Føresegner og retningslinjer til LNF-område der det er tillate med spreidd bygging av fritidsbustader (Ksf-område), jf pbl § 20-4, andre ledd bokstav b), og c)**

### *Føresegner*

Gjeld:

Ksf-03 Lambavatnet, 3 fritidshus i planperioden, ingen plankrav

- Fritidsbygningar skal ikkje oppførast nærare sjø eller vassdrag enn 40 m, og næraste eigedomsgrense ved frådelling skal ikkje vera nærare sjø og vassdrag enn 30 m slik at fri ferdsle vert sikra.

- For all utbygging og planlegging gjeld kommunen sine estetiske retningslinjer til pbl §74.2.
- Nye bygningar skal plasserast slik at mest mogeleg av eksisterande kultur- og naturlandskap, vegetasjon, dyreliv og terreng vert teken vare på. Jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.
- Det vert ikkje gjeve høve til avløpsanlegg eller innlagt vatn jf pbl §20-4, andre ledd bokstav b).

### *Retningslinjer*

- ◆ For fritidshus i Ksf-soner der det ikkje vert gjeve løyve til avløpsanlegg eller innlagt vatn, skal drikkevassforsyning og ordning for avtrede godkjennast av kommunen, jf pbl §§65 og 66.
- ◆ Bygging- og anleggstiltak skal ikkje vere i konflikt med dokumenterte natur-, kulturminne- og friluftskvalitetar.

## **Retningslinjer for område for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag, jf pbl § 20-4, 1. ledd nr 5**

### *Retningslinjer for bruk av sjøområdet*

- ◆ Fiske-, ferdsel-, natur- og friluftsområde (FFNF) vert sikra for å ivareta almenne interesser. Tiltak og installasjonar som vil vera til hinder for desse interessene er i strid med planen.
- ◆ Fiske-, ferdsel-, natur-, friluft- og akvakulturområde (FFNFA) er fleirbruksområde der tiltak må omsøkjast etter plan- og bygningslova og/eller særlov. Evt. interessekonflikt med annan arealbruk må avklarast i søknadsprosessen, jfr. td. punkt om akvakultur under.
- ◆ Akvakulturområde (A) omfattar også område for oppankrings- og fortøyningsanlegg over sjøoverflata, men ikkje forbudssone for ferdsel og fiske. A-områda er prioriterte for fisk-, skjel- og skaldyroppdrett. Oppdrettsanlegg bør ikkje lokaliserast slik at bruken av kaste- og låssettingsplasser til tradisjonelt fiske vert hindra. Lokalisering av oppdrettsanlegg bør ikkje skje nær badeplassar og tett opp til busetnad/fritidsbusetnad. Likeins må akvakulturområde ikkje plasserast i nærleiken av utslepp eller andre aktivitetar som kan verka negativt på mattryggleik eller skada akvakulturorganismar.
- ◆ A1 er akvakulturområde der oppdrett av fisk i merdanlegg ikkje er tillate. Elles som for A.
- ◆ I fiskeområde (Kast/Låssetjing/Gyte/Oppvekstområde/Trålfelt) går fiske framfor annan bruk av området, men må ikkje vera til hinder for allmenn ferdsle.
- ◆ Akvakulturanlegg (overflateanlegg) skal utformast på ein estetisk god måte i høve til landskapet.
- ◆ Akvakulturanlegg skal utformast og plasserast på ein slik måte at det vert høve til fri ferdsle for småbåtar i ei sone langs land: 30 m for skjelanlegg og 50 m for matfiskanlegg.
- ◆ Der registrert skredfaregrense går til eller i sjøen i eit akvakulturområde, må søkjar syta for nærare avklaring av skredfaren på den aktuelle lokaliteten før løyve vert gitt.

## **Generelle retningslinjer**

### *Retningslinjer for kulturminne under vatn*

Tiltak med nye og varige inngrep på sjøbotnen skal sendast til Hordaland fylkeskommune som koordinerer høyring ved Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering i høve til kulturminne under vatn.

### *Retningslinjer for verna vassdrag*

Dei verna vassdraga i Ænesdalen og Furebergsdalen er underlagt forbodet mot bygging i 100-metersbeltet langs vassdrag, jf "Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag".

### *Kulturlandskap og kulturmiljø*

I område vist som kulturlandskap/kulturmiljø skal det leggjast særskilt vekt på området sin art, karakter og kulturhistorie ved utforming og plassering av bygningar og anlegg.

I planen er følgjande område viste som kulturlandskaps-/kulturmiljøområde:

- Maurangsnes
- Eikenes
- Prestabryggja i Ænesvika
- Handelsstaden i Ænesvika
- Gjestgiveriet og handelsstaden i Sundal
- Gjerdetunet i Austrepollen
- Bussevika i Austrepollen
- Køylo i Nordrepollen



*Tiltak med konsekvensar for verneverdige kulturminne*

Melding/søknad om tiltak skal sendast kulturvernmyndigheitene dersom det medfører særlege konsekvensar for verneverdige kulturminne.